


ASKVOLL KOMMUNE  
Askvollvegen 426A  
6980 ASKVOLL

|                  |                        |
|------------------|------------------------|
| Dato             | 12.06.2025             |
| Vår referanse    | 2025/1183-4            |
| Dykkar referanse |                        |
| Sakshandsamar    | Stine Unneland         |
| E-post           | Stine.Unneland@vlfk.no |
| Telefon          | 41579656               |

## Varsel om oppstart av planarbeid - Fv. 5662 Værlandet ferjekai - nybygg, Askvoll kommune

Vestland fylkeskommune skal i samarbeid med Askvoll kommune utarbeide ein detaljreguleringsplan for ny ferjekai på Værlandet – Fv. 5662 Værlandet ferjekai. I samsvar med plan- og bygningsloven §§ 12-3 og 12-8 vert det med dette varsla oppstart av detaljregulering for Fv. 5662 Værlandet ferjekai – nybygg i Askvoll kommune, og vi ber med dette om innspel til arbeidet.



Figur 1: Varslingsgrense for Værlandet ferjekai. Kjelde: VLFK

### Skildring av tiltaket

Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for ny ferjekai på Værlandet som skal erstatte eksisterande ferjekai. Ny ferjekai skal vere tilrettelagt elektrifisering av ferje og kaien skal kunne nyttast som liggjekai for ferjene over natta. Området er svært ver utsett og ein skal som ein del av planarbeidet utarbeide eit forprosjekt for å sjå på ulike plasseringar av den nye ferjekaia.

I kommuneplanen sin arealdel er ferjekaia og oppstillingsplassane regulerte til hamn. Sørsida av fylkesvegen er regulert til LNRF-område (eksisterande), medan nordsida er regulert til LNFR-område (framtidig areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebygging). Hamneområdet er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar, og arealet nede ved kaia er dårleg definert mellom kai, veg, tilkomst og parkering til butikken. Dette skapar utfordringar, særleg fordi butikken tilbyr sykkelutleige, noko som kan føre til farlege situasjonar.

**Planavgrensing**

Området som er vurdert som aktuell innfor plangrensa er Fv. 5662 Nordsjøvegen (Værlandet ferjekai). Forslag til varslingsgrense er teikna inn på kartet over. Inkludert i varslingsgrensa er ferjekaiaen med kringliggjande kystlinje, kollektivknutepunkt og daglegvarebutikk. Strekninga opp til krysset Nordsjøvegen - Soknavågsvegen er tatt med for utbetring av kryss og moglegheit for punktvis utbetringar.

Strekninga, inkludert ferjekai er om lag 450 meter lang og følgjer dagens eksisterande veglinje. Tilgrensande eigendomar vert råka av tiltaket og består i hovudsak av private eigendomar, i tillegg Værlandet handel AS (Joker butikk) og Askvoll kommune (kommunalvegen Soknavågsvegen).

Bakgrunnen for så stort varslingsområde er for å ha nok areal til å vurdere ulike alternativ plassering av ny ferjekai (som skal gjerast gjennom ein silingsprosess/forprosjekt samt utarbeiding av KU) og areal til rigg- og anleggsområde. Planområdet vert innskrenka når valt plassering av ny ferjekai er bestemt.

Planavgrensinga er et utgangspunkt kor ein har tatt med nok areal for å sikre at ein får gjort det ein ynskjer av tiltak – det er ikkje sikkert ein nyttar seg av heile planområdet.

**Vurdering av konsekvensutgreiing**

Vi har i dialog med Askvoll kommune vurdert at det er behov for konsekvensutgreiing (KU) i planarbeidet etter forskrifta. Sjå eige vedlegg for vurderinga som er gjort angående KU.

**Informasjon**

Planarbeidet er kunngjort i Firda 12.06.2025 samt på Askvoll kommune si heimeside. Meir informasjon vert lagt ut på Vestland fylkeskommune si heimeside.

**Innspel til planarbeidet**

Vi ber om synspunkt, innspel eller anna relevant informasjon innan **13.07.2025**.

Merknader og synspunkt til oppstart av planarbeidet kan sendast på e-post til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller med vanleg brev til:

Vestland fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Ved spørsmål, ta kontakt med:

Planleggingsleiar i Vestland fylkeskommune, Stine Unneland på tlf: 41 57 96 56  
eller e-post: [stine.unneland@vlfk.no](mailto:stine.unneland@vlfk.no).

Med helsing

Øyvind Hauge Horge  
seksjonsleiar  
INV - Planlegging

Stine Unneland  
planleggingsleiar  
INV - Planlegging

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*